



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klage på dispensasjon for frådeling til bustadføremål - Alver - ( Meland ) - 1/4 - Flatøy

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 16.06.2020. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen og frå krav om områdeplan for frådeling av bustadtomt.

Meland kommune gav avslag på søknad i administrativt vedtak 293/2019, datert 11.12.2019.

Tiltakshavar klaga på vedtaket i brev av 03.01.2020.

Utval for areal, plan og miljø i Alver kommune gav i vedtak datert 11.03.2020, i sak 035/20, dispensasjon for frådeling.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 20.04.2020. Klagen er motteken etter klagefristen, men det er gitt oppreisning for oversitta klagefrist og klagen vart behandla. Klagefristen var oversitta med 6 dagar.

Utval for areal, plan og miljø handsama klaga i møte den 10.06.2020, i sak 092/20, og klaga vart ikkje teke til følge.

Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42 i brev datert 15.05.2020.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)



Med helsing

Arve Meidell  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Alver kommune	Havnevegen 41 A	5918	FREKHAUG
Camilla Flatøy	Flatøyvegen 52	5918	FREKHAUG